

# Møteinnkalling

---

**Utval:** Nærøyfjorden verneområdestyre  
**Møtestad:** Kommunestyresalen, Aurland  
**Dato:** 01.03.2016  
**Tidspunkt:** 10:00

---

Eventuelt forfall må meldast snarast på tlf. 99499753 eller e-post [fmsfano@fylkesmannen.no](mailto:fmsfano@fylkesmannen.no). Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Verneområdeforvaltar startar møtet med ei kort orientering om verneområda Nærøyfjorden verneområdestyre har forvaltningsansvar for, og orientering om oppgåvene til verneområdestyret.

## Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 1/16	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 2/16	Val av to styremedlemmer til å skrive under protokoll		
ST 3/16	Nærøyfjorden verneområdestyre – Konstituering for perioden 2016-2019		2015/3200
ST 4/16	Nærøyfjorden landskapsvernområde - tilrettelegging av stien til Horten og båtfeste ved Kotningen og Høyskreda		2015/4115
ST 5/16	Nærøyfjorden landskapsvernområde - oppføring av ny hytte på Horten		2015/4116
ST 6/16	Nærøyfjorden landskapsvernområde - utbetring av utedo på Salthella og Skalmenes		2015/1150
DS 1/16	Nærøyfjorden landskapsvernområde - grusuttak frå Styviselva til reparasjon av kaia på Styvi		2016/136
DS 2/16	Nærøyfjorden landskapsvernområde - helikoptertransport av felt hjort i Ramsøy hjortevald i Aurland kommune		2013/49
RS 1/16	Uttale frå Nærøyfjorden verneområdestyre til plansak på Bakka - plan for nydyrking - vassuttak - reparasjon av kommunal veg og strandline		2016/649
RS 2/16	Nærøyfjorden landskapsvernområde - høring av forslag til endringer i regelverk for bruk av el-sykler i utmark og behov for endring i forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag - adgang for persontransport		2016/517
RS 3/16	Bilderapport - oppføring av reflektormast ved Øvsthusnipa		2014/2349
RS 4/16	SV: Manglande rapportering i samband med oppføring av naudnettmast på Skogane i Nærøyfjorden landskapsvernområde		2015/819
RS 5/16	RE: SV: Manglande rapportering i samband med oppføring av naudnettmast på Skogane i Nærøyfjorden landskapsvernområde		2014/2669

### Andre saker:

Møteplan for 2016 for Nærøyfjorden verneområdestyre

**ST 1/16 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

**ST 2/16 Val av to styremedlemmer til å skrive under protokoll**



Arkivsaksnr: 2016/635-0

Saksbehandlar: Anbjørg Nornes

Dato: 22.02.2016

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	3/16	01.03.2016

## Nærøyfjorden verneområdestyre – Konstituering for perioden 2016-2019

### Innstilling frå forvaltar

I medhald av punkt 4 og 5 i vedtekter av 10.09.2015 for Nærøyfjorden verneområdestyre, vert styret konstituert med val av leiar, nestleiar og arbeidsutval for perioden 2016-2019. Fylgjande er valde.

Leiar: \_\_\_\_\_

Nestleiar: \_\_\_\_\_

Arbeidsutvalet (AU) er sett saman av leiar, nestleiar og 1 medlem.

Medlem arbeidsutvalet: \_\_\_\_\_

Vararepresentantar til AU:

1. \_\_\_\_\_

2. \_\_\_\_\_

### Saksopplysningar

Saksdokument:

- Brev av 11.09.15 frå Miljødirektoratet til aktuelle kommunar og fylkeskommunar, *Utpeiking av nye representantar til nasjonalpark- og verneområdestyrene*
- Forslag til representantar sendt frå kommunar og fylkeskommunar til Miljødirektoratet
- Brev av 08.02.2016 frå Miljødirektoratet, *Oppnemning av medlemmer til Nærøyfjorden verneområdestyre for perioden 2016 – 2019*
- Vedtekter for Nærøyfjorden verneområdestyre, revidert 10.09,2015

På bakgrunn av framlegg frå kommunane og fylkeskommunane har Miljødirektoratet oppnemnt følgjande medlemmer for Nærøyfjorden verneområdestyre for perioden 2016-2019:

Styremedlem	Personleg vara	Representant for
Noralv Distad	Anita Lærum	Aurland kommune
Bjørge Djukastein	Sigbjørn Hauge	Voss kommune
Olav Turvoll	Marianne Bøthun	Vik kommune
Jan Geir Solheim	Gunn Beate Sjøthun	Lærdal kommune
Gunn Åmdal Mogstad	Hilmar Høl	Sogn og Fjordane fylkeskommune
Iril Schau Johansen	Stein Inge Ryssdal	Hordaland fylkeskommune

Ved oppnemninga av styremedlemene er det teke omsyn til krava i Lov om likestilling mellom kjønna.

Leiar og styreleiar i tidlegare styre:

Styreperiode	Leiar	Nestleiar
2011	Olav Ellingsen, Aurland	Arne Sanden, Lærdal
2012 – 2015	Noralv Distad, Aurland	Hans Erik Ringkjøb, Voss

Miljødirektoratet fastsette reviderte vedtekter for Nærøyfjorden verneområdestyre 10.09.2015. I medhald av vedtektene punkt 4 skal styret sjølv velja leiar og nestleiar:

#### **4. Verneområdestyret sine medlemmer, oppnemning, samansetjing mv.**

*Samansetjinga av styret skal følgje krava til kjønnsfordeling i likestillingslova § 13.*

*Verneområdestyret skal ha 6 medlemmer med personlege varamedlemmer som møter når det faste medlemmet har forfall. Verneområdestyret vert oppnemnd av Miljødirektoratet etter innstilling frå dei berørte kommunane og fylkestinga i Sogn og Fjordane og Hordaland.*

*Kvar kommune skal være representert med eit medlem og innstiller ei kvinne og ein mann blant kommunestyret sine medlemmer. Hver fylkeskommune skal være representert med eit medlem frå fylkestinget/fylkesrådet, og innstiller ei kvinne og ein mann blant fylkestinget/fylkesrådet sine medlemmer.*

*Oppnemningsperioden for medlemmene følgjer valperioden for kommunestyret og fylkestinget.*

*Verneområdestyret velgjer sjølv leiar og nestleiar.*

I medhald av vedtektene punkt 5 kan styret oppretta arbeidsutval.

#### **5. Oppretting av arbeidsutval**

*Styret kan nedsette eit arbeidsutval med personar frå styret.*

*Styret kan gje arbeidsutvalet mynde til å gjere vedtak etter naturmangfaldlova/verneforskriftene i einskilde saker som ikkje har stor påverknad på verneverdiane. Arbeidsutvalet sine vedtak skal vere innafor ramma av prinsipp fastsett av styret for dei ulike saksområda i tråd med naturmangfaldlova/verneforskriftene.*

Arbeidsutval for 2012 til 2015 var samansett av leiar, nestleiar og 1 styremedlem.

## **Vurdering**

Styret vel leiar, nestleiar. Styret må vurdera om det skal opprettast arbeidsutval. Styrevedtaket med delegeringsmynde til arbeidsutvalet (sak 11, 13.03.2012) gjeld søknader om motorferdselssaker og fornying/forlenging av løyve som styret har gjeve tidlegare. Styret har delegert tilsvarande mynde til forvaltar i sak 30/15, 30.11.2015 i medhald av vedtektene for styret. Dersom det skal opprettast arbeidsutval, vert det tilrådd å velja leiar, nestleiar og medlem til arbeidsutvalet. Det kan vera tenleg med varamedlemer til arbeidsutvalet dersom det er hastesaker og fast medlem ikkje kan møta.



Arkivsaksnr: 2015/4115-0

Saksbehandlar: Anbjørg Nornes

Dato: 17.02.2016

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøysfjorden verneområdeestyre	4/16	01.03.2016

## Nærøysfjorden landskapsvernområde - tilrettelegging av stien til Horten og båtfeste ved Kotningen og Høyskreda

### Innstilling frå forvaltar

Nærøysfjorden verneområdeestyre gjev Svenn Vidar Stegen løyve til å utbetra stien til Horten frå sjøen ved Kotningen. Det kan setjast opp ein bolt til båtfeste ved sjøen ved Kotningsgrovi og ein bolt ved Høyskreda

Løyvet er gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ, og gjeld med fylgjande vilkår:

### Utbetring av stien

- Tilrettelegginga skal avgrensast til det som er naudsynt for å ta seg fram på stien av omsyn til tryggleiken for gåande på stien
- Trappetrinn kan festast med boltar i fjellet på dei 6 punkta som er avmerkt i kartet.
- Ved særleg vanskelege parti på stien der det er trong for tau eller kjetting å halda seg i, kan det setjast opp boltar til tau/kjettingfeste.
- Tiltakshavar er ansvarleg for tilsyn og vedlikehald av stien

### Båtfeste

- Det kan festast ein bolt ved sjøen nær Kotningsgrovi ved starten av stien opp til Horten, og ein bolt ved sjøen ved Høyskreda.
- Blåsa som er festa i anker i sjøbotnen utafor Kotningsgrovi og Høyskreda skal fjernast kvar haust, og kan leggjast ut att om våren.

Det skal sendast rapport til sekretariatet når arbeidet er slutført. Det må ikkje setjast i gang nye tiltak på stien utan løyve frå Nærøysfjorden verneområdeestyre.

## Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad frå Svenn Vidar Stegen om tilrettelegging og vedlikehald av stien til Horten, samt båtfeste ved Horden (Kotningen) og Høyskreda, datert 17.11.2015


Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift for Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøyfjorden (2007)
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009

Svenn Vidar Stegen er ny eigar av garden Horten i Aurland kommune, gnr. 56 bnr. 1. Han søker om å utbetra og vedlikehalda stien frå sjøen ved Kotningsgrovi til Horten, på nordsida av Horten. Dette er ein av stiane som fører opp til Horten. Den andre stien startar frå fjorden ved Høyskreda. Stien som dei vil utbetra er rast ut på fleire plassar på grunn av vatn og jordras, og den er delvis attgrodd.

Stegen har gjennomført fleire av tiltaka i 2015, og søker om løyve til tiltaka som er gjennomført, og til tiltaka som skal gjennomførast i 2016. Stegen søker om løyve til å få bore ned fjellboltar for å byggje opp att stien og for å feste trappetrinn på vanskelege parti. Det er 6 punkt på stien det er aktuelt med tiltak. Sjå kart med merkt punkt under.

Ved fjorden har Stegen laga nye fortøyingar for båt ved Kotningen og ved Høyskreda. Fortøyingane er laga med anker på botn, tau opp til ei blåse og inn til land. Blåsa og tauet vert tatt vekk om vinteren på grunn av is.



Kart med punkt for utbetring

## Lovgrunnlaget

*«Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfald av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruksdrift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter»* jf. verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde § 2. *«Nærøyfjorden landskapsvernområde er verna mot alle inngrep eller tiltak som vesentleg kan endra eller verke inn på*



*landskapets art eller karakter.»* jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.1. Dette gjeld ....bygging av vegar....oppføring av anlegg og faste innretningar.... jf. § 3 punkt 1.1. a). Vanleg vedlikehald av stien er ikkje søknadspiktig etter verneforskrifta. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til «...oppmerking og varding av nye fottruter, oppføring av nye bruer og klopper» jf. § 3 punkt 1.3 f). Festing av boltar i fjellet i stien og ved sjøen er faste installasjonar som ikkje har vore der tidlegare. Desse tiltaka er difor ikkje vedlikehald. Slike tiltak er heller ikkje nemnt i reglane det kan gjevast løyve til etter verneforskrifta. Forvaltninga kan i særskilte høve vurdera om det er heimel til tiltak etter naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd fyrste alternativ som seier at «Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtakets formål og ikkje kan påvirke verneverdiene nevneverdig».

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## Vurdering

Stegen har gjennomført tiltak på stien og sett opp båtfeste utan løyve frå verneområdestyret. Dette er i strid med verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde. Styret må vurdera om det er heimel for å gje løyve til tiltaka, og om det er eit ulovleg tiltak. I fylgje vedtektene for verneområdestyret av 10.09.2015 pkt. 8.5, har styret ansvar for å rapportera/melda til politiet alle brot på verneforskrifta som det er grunn til å tru er ulovlege. Eventuelle nye tiltak må ikkje starta opp før verneområdestyret har gjeve løyve til å gjennomføra tiltaka.

Føremålet med vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap. Horten er ein av fjellhyllgardane i Aurlandsfjorden. Det har ikkje vore busetnad på Horten etter 1865. Det er tufter etter hus i tunet på Horten, innmarka, vårstølen og fjellstølen. Stovehuset stod delvis oppe kring 1960 (*Aurland bygdebok, Undredal og Nærøy - Åsmund Ohnstad*). Stien opp til Horten har vore lite nytta, og er delvis attgrodd, men det er restar etter den gamle vegen på nokre strekkingar. Stien som ligg på nordsida av Horten var den stien som var best opparbeidd i den tida det var busetnad på Horten. Det var kløvja med hest på stien. Det er denne stien Stegen søker om å utbetra. Stien er eit kulturminne som vert tatt vare på med utbetringa, og vil ikkje endra landskapet sin art eller karakter. Forvaltar meiner på den bakgrunn at tiltaket ikkje vil vera i strid med verneføremålet.

Det er ikkje kjente trua artar eller naturtypar i tiltaksområde (Naturbase 29.01.2016). Området ligg innafor eit inngrepsfritt naturområde (3-5 km frå næraste inngrep). Det er bra kunnskap om området gjennom forvaltningsplan for Nærøyfjordområde, lokalhistorie (*Aurland bygdebok, Undredal og Nærøy - Åsmund Ohnstad*) og synfaring i område v/forvaltar og SNO. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt for å vurdera denne saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor tillagt liten vekt i saka. På bakgrunn av kunnskapen me har om naturmiljøet meiner forvaltar tiltaka ikkje er til skade på verneverdiane. Forvaltar vurderer tiltaka til ikkje å vera i strid med verneføremålet og ikkje til skade på verneverdiane, og vurderer det er heimel for å vurdera tiltaka etter naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd fyrste alternativ.

Eigedomen Horten har store utmarksområde med både beiterettar og jakt- og fiskerettar. Stegen ynskjer å kunne nytta området til jakt og friluftaktivitetar. Utbetring av stien og båtfeste vil betra tilkomsten til område og gjera det enklare å utøva jakt i

dette området, og å bera kjøtt ned til sjøen på ein tryggare måte. Det er gjeve løyve til helikoptertransport for utfrakt av viltkjøtt frå Horten for større mengder kjøtt enn det ein kan rekna med at jegeerane kan bera. Utbetringa av stien til enkel standard for tryggare ferdsel, vil gjera trongen for helikoptertransport mindre, og med det vera med å redusera bruken av motorisert ferdsel i området.

Stiane bør vera opne for allmenn ferdsel, men bør ikkje merkast. Stien som er utbetra vert av og til nytta i samband med guida turar. Stiane ligg i eit krevjande terreng som ikkje vil vera eigna som merkt tursti utan ytterlegare sikring. Stien frå Høyskreda til Horten er i tillegg utsett for steinsprang. Samla sett vil utbetring av stien og oppsett av båtfeste i liten grad føra til auka belastning på naturmiljøet i landskapsvernområdet jf. nml. § 10. Feste av trappetrinn på vanskelege parti på stiar er vanlege tiltak på mange av stiane i dette landskapsvernområdet. Tiltaket vil difor ikkje vera særskilt for dette området, og er i tråd med forvaltningspraksis i Nærøyfjorden verneområde. Tiltaket vil lite truleg føre til miljøforringing og nml. § 11 er difor ikkje vurdert i denne saka.

Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane er i sin uttale positive til at stien vert sett i stand, og at den vert vedlikehalden og i bruk. Dei påpeikar at istandsetjinga må gjerast på ein skånsam måte som tek i vare vegen sine kulturhistoriske verdiar.

Utbetring av stien er avgrensa til det som er naudsynt for å koma seg fram på stien på ein tryggare måte. Båtfeste med ein bolt til å festa tauet i, vil vera ein del av tiltaket for tilkomsten til Horten. Det er vanskelege forhold for å dra båt på land både ved Kotningsgrovi og ved Høyskreda. Boltane er små tiltak som er lite synlege i landskapet, og er lagt til eksisterande ferdselsveggar. Båtfeste er avgrensa til ein bolt i fjellet ved kvar av dei to stiane som fører opp til Horten. Blåsene vert tatt inn kvar haust, og vil ikkje vera ein fast installasjon i fjorden. I forvaltningsplan for Nærøyfjorden er tilrettelegging for enkelt friluftsliv vektlagt, men tilrettelegginga bør ikkje føra til store naturinngrep. Det skal nyttast jernboltar til feste av trinn, og stein og trestokkar til trappetrinn. Det skal ikkje nyttast maskinelt utstyr til arbeidet med unntak av boremaskin til å setja ned jernboltane. Arbeidsmetoden som er valt er vurdert som miljøforsvarleg til dette føremålet jf. nml. § 12.

På bakgrunn av vurderingar etter naturmangfaldlova §§ 8-12 og naturmangfaldlova § 48, meiner forvaltar tiltaka kan gjennomførast som omsøkt.



Arkivsaksnr: 2015/4116-0

Saksbehandlar: Anbjørg Nornes

Dato: 03.02.2016

Utval	Utvalsak	Møtedato
Nærøysfjorden verneområdeestyre	5/16	01.03.2016

## Nærøysfjorden landskapsvernområde - oppføring av ny hytte på Horten

### Innstilling frå forvaltar

Nærøysfjorden verneområdeestyre gjev Svenn Vidar Stegen avslag på søknad om oppføring av ny hytte på Hortakollen ved Horten i Aurland kommune, gnr. 56 bnr. 1. Avslaget er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøysfjorden landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

### Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad frå Svenn Vidar Stegen om å få setja opp ein nytt bygg på Horten, datert 17.11.2015


Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift for Nærøysfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøysfjorden (2007)
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009


Svenn Vidar Stegen er ny eigar av garden Horten i Aurland kommune, gnr. 56 bnr. 1. Horten er ein hyllegard som ligg ca. 570 moh over Aurlandsfjorden på austsida av fjorden. For å koma til Horten må ein bruka båt over fjorden. Det går to stiar opp til Horten frå fjorden. Det er ingen bygningar på Horten i dag. Tidlegare stod det ei gamal jaktbu på fjellet ovanfor fjellstølen til Horten. Jaktbua er ramla ned, og berre restane frå bygget ligg att der jaktbua stod.

Stegen søker om å få setja opp ei ny hytte på Hortakollen (høgste punkt på kollen er 620 moh). Hortakollen er ein liten kolle rett nord for tunet på Horten. Det nye bygget er

planlagt med eit areal på 24 m<sup>2</sup> (4 x 6 meter). Hytta er tenkt nytta vår og sommar i samband med vedlikehald av stien, og under jakta om hausten.



Skisse av bygget, utklypp frå søknad



Utsnitt av kart med innteikna plassering av hytta

## Lovgrunnlaget

«Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbrentforma landskap med eit mangfald av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruksdrift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter» jf. verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde § 2. «Nærøyfjorden landskapsvernområde er verna mot alle inngrep eller tiltak som vesentleg kan endra eller verke inn på landskapets art eller karakter.» jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.1. Dette gjeld ...oppsetjing og riving av bygningar, oppføring av anlegg og faste innretningar.... jf. § 3 punkt 1.1. a). Det er reglar i verneforskrifta for oppføring av bygg i samband med landbruksdrift, turlagsverksemd eller oppsyn. Ei privat jakthytte kjem ikkje under desse reglane. Forvaltninga kan i særskilte høve vurdera om det er heimel til tiltak etter naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd fyrste alternativ som seier at «Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtakets formål og ikkje kan påvirke verneverdiene nevneverdig».

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentlig myndighet, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## Vurdering

Føremålet med vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap. Horten er ein av fjellhyllgardane i Aurlandsfjorden. Det har ikkje vore busetnad på Horten etter 1865. Det er tufter etter hus i tunet på Horten, innmarka, vårstølen og fjellstølen. Stovehuset stod delvis oppe kring 1960 (*Aurland bygdebok, Undredal og Nærøy - Åsmund Ohnstad*). Stien opp til Horten har vore lite nytta, og er delvis attgrodd, men det er restar etter den stien vegen på nokre strekningar. Stegen har søkt om å få utbetra stien på nordsida av Horten på nokre stadar.

Det er ikkje kjente trua artar eller naturtypar i tiltaksområde (Naturbase 29.01.2016). Det er bra kunnskap om området gjennom forvaltningsplan for Nærøyfjordområde, lokalhistorie (*Aurland bygdebok, Undredal og Nærøy - Åsmund Ohnstad*) og synfaring i område v/forvaltar og SNO. Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane opplyser i sin uttale at det er lite kjende kulturminne frå nyare i tid på Hortakollen. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt for å vurdera denne saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor tillagt liten vekt.

Det må vurderast om vilkåra i naturmangfaldlova § 48 er oppfylt, og om det kan gjevast løyve til oppføring av ny hytte. Den samla belastninga dette tiltaket vil ha for naturmiljøet jf. nml. § 10, og presedensverknaden for tilsvarande saker må vurderast. Det har vore spørsmål frå andre grunneigarar og jegerar i dette landskapsvernområdet om å få setja opp jaktbu, og det kan koma spørsmål frå fleire om bygging av jaktbu i tilknytning til stølar og hyllegardar. Det er store utmarksområde med både beiterettar og jakt- og fiskerettar knytt til dei fleste gardsbruka i Aurland. Dette gjeld og for Horten. Jaktrettane har stor rekreasjonsverdi for grunneigarar og innbyggjarar i Aurland. Løyve til oppføring av ei ny hytte i dette området vil kunne gje presedens i tilsvarande saker. Det er fleire eigedomar med jaktrettar innafor landskapsvernområdet der det ikkje er bygningar på eigedomen i dag. Den gamle jakthytta på fjellet ovanfor Horten var ei lita arbeidsbrakke på ca 10-12 m<sup>2</sup>. Jakthytta som er rast saman, kan ikkje byggjast opp att utan nytt byggeløyve, og må sjåast på som eit nytt tiltak. I forvaltningsplanen er det retningslinjer om at det ikkje bør setjast opp nye bygningar i område det ikkje er bygningar frå før. Dette er kommentert under kapittel om stølsmiljø, og i samband med landbruksdrift. I verneforskrifta og forvaltningsplan er trongen for oppføring av nye bygg vurdert til å vera i samband med landbruk, turlagsverksemd og oppsyn. Jakt er omtalt som friluftaktivitet. Det er ikkje heimel for oppføring av jakthytter i verneforskrifta, og jakthytter er ikkje vurdert som aktuelt tema i forvaltningsplanen. Det er heller ikkje forvaltningspraksis i dette verneområdet for å gje løyve til oppføring av nye jakthytter.

I forvaltningsplan under kapittel «Tiltak for tilrettelegging og friluftsliv», står det at tilrettelegging med faste leirplassar ikkje er ynskjeleg. Det er tilrettelagt med leirplassar ved fjorden der det er mykje ferdsel, og der tilrettelegginga er tiltak innafor lokal næringsutvikling. Døme på dette er gapahuken i fjellet ovanfor Hovdungo i Undredal. Stegen ynskjer å kunne nytta området til jakt og friluftaktivitetar. Han vil setja opp ei enkel hytte for overnatting i samband med jakt og friluftsliv. Han opplyser at hytta kan stå open for andre som ferdast i området, men med avtale om nøkkel. Området er vanskeleg tilgjengeleg og vert i liten grad nytta til friluftsliv med unntak av jakt. Hytta vil difor i hovudsak vera ei privat jakthytte. Sommaren 2015 bar Stegen lavvo og utstyr opp til Horten til bruk under jakta. Ein lavvo som står fast oppe i meir enn 2 månader, og kasser for lagring over fleire år, er å rekna som faste innretning, og må søkjast om løyve til frå verneforskrifta og naturmangfaldlova § 48. Vanskeleg tilgang til området

kan vera eit argument for å vurdera ein fast leirplass i området. Dette må i tilfelle vurderast i ein ny sak.

I uttalen frå Fylkeskommunen vert det gjeve ein generell tilbakemelding i forhold til gamle murar i verneområdet. Dei rår til at «*ein skal vera svært varsam med å sette nye bygningar opp på eller i nærleiken av dei gamle murane*». Gamle murar er spor etter menneske som budde og livnærte seg her. Bygget på Hortakollen vil lite truleg påverka kulturminne, men vil ha stor påverknad på naturlandskapet på Horten. Med eit nytt bygg i dette området, og moglegheit for fleire tilsvarande saker, vil effekten av nye bygg med tilnærma likt formål i verneområdet kunne gje ei samla stor belastning på verneverdiane og vera i strid med verneføremålet.

### **Konklusjon**

Nye hytter i eit naturområde utan inngrep vil påverka landskapet sin karakter. Hytta er ei jakthytte, og det er ikkje heimel for å bygge nye jakthytter i verneområdet. Denne saka vil høgst sannsynleg gje presedens for tilsvarande saker. Dette bygget saman med fleire tilsvarande byggesaker er vurdert til å kunne påverka verneverdiane, og vil vera i strid med verneføremålet om å ta vare på eit eigenarta natur- og kulturlandskap. Villkåra etter naturmangfaldlova § 48 er difor vurdert til ikkje å vera oppfylt. Det er med det ikkje heimel for å gje løyve til oppføring av ny hytte på Horten, og søknaden må avslåast.



Arkivsaksnr: 2015/1150-0

Saksbehandlar: Anbjørg Nornes

Dato: 01.02.2016

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøysfjorden verneområdeestyre	6/16	01.03.2016

## Nærøysfjorden landskapsvernområde - utbetring av utedo på Salthella og Skalmenes

### Innstilling frå forvaltar

Nærøysfjorden verneområdeestyre gjennomfører utbetringar av utedoane på Salthella og på Skalmenes i Nærøysfjorden med heimel i verneforskrifta for Nærøysfjorden landskapsvernområde § 3 punkt 1.3 b). Tiltaket skal gjennomførast på fylgjande vilkår:

- Grunneigarane på gnr. 58 bnr. 1 på Skalmenes, og grunneigar på gnr. 67 bnr. 2 på Salthella, må gje samtykke til utviding av utedo
- Utedoane skal byggjast i trematerial, og vil få ei grunnflate på inntil 3 m<sup>2</sup>, og høgd på inntil 2,2 m.
- Utedoane kan setjast opp på Skalmenes og Salthella der det er best tilpassing i terrenget og landskapet.
- Det kan gravast to kammer under kvar utedo for komposterting.

SNO skal halda tilsyn med utedoane slik at dei fungerer som dei skal, og vil rapportera med omsyn til ureining til Aurland kommune som er renovasjonsmyndigheit etter ureiningslova. Dersom utedoane fører til problem av noko slag, skal verneområdeestyret få dei fjerna, og området rydda.

### Saksopplysningar

I Nærøysfjorden landskapsvernområde er det sett opp utedoar på leirplassar på Fronnes, Stokko, Salthella, Skalmenes, Odnes, og Holmo. Utedoane er sett opp for å minske ureining i samband med telting og leirplass. Det er forvaltningsstyresmakta i samarbeid med SNO som har sett opp og har ansvar for utedoane. Forvaltar vart kontakta av reiselivsverksemda Nordic Ventures våren 2015 med spørsmål om utbetring av utedoane på Salthella og Skalmenes. Nordic Ventures er ein av dei

kommersielle verksemdene som driv med guida padleturar i Nærøyfjorden, og som har avtale med grunneigarane på Skalmenes og Salthella om teltplass. Forvaltar var på synfaring på Skalmenes 14.07.2015 saman med Nordic Ventures og ein av grunneigarane på Skalmenes. Med den store ferdsla som er i området av padlarar og andre småbåtar, har særleg Skalmenes og Salthella fått ein stor auke av dagsbesøk og telting. Det har ført til at kapasiteten på utedoane er for liten, og det er auka tilgrising av områda rundt. Forvaltar har saman med Kristoffer Ullern Hansen i SNO sett på kva tiltak som kan vera aktuelt for å betra tilhøva for dei besøkjande i dette området, samtidig som verneområdet vert tatt vare på.

Saka vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap Nærøyfjorden, rapport nr. 1-2008
- Enkel skjøtselsplan for Styvi-Holmo landskapsvernområde, rapport nr. 4 – 1994
- Skjøtselsplan for Dyrdal, rapport nr. 3 - 2014

### **Lovgrunnlaget**

*«Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfald av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruksdrift, utgjør ein vesentleg del av landskapets karakter»* jf. verneforskrifta § 2. Området er verna mot alle inngrep eller tiltak som kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til *«Oppføring av nybygg i samband med landbruk, turlagsverksemd og oppsyn»* jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.3 b).

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurderte og vektlagt i saka.

### **Vurdering**

Tilgang til allsidige naturopplevingar gjennom enkelt friluftsliv er eit av delmotiva ved oppretting av verneområde, og særleg i landskapsvernområde. Ferdsel og tilrettelegging for ferdsel skal ikkje føra til skade på verneverdiane eller vera i strid med verneføremålet. I Nærøyfjordområdet er det utarbeidd turkart for turar i fjellet og på fjorden. Marknadsføring av området og status som verdsarvområde har ført til ein auka bruk av desse områda, og med det spørsmål om meir tilrettelegging. Verneforskrifta regulerer kva inngrep som kan tillatast i verneområde. Forvaltninga må vurdere om dei spesifiserte reglane i verneforskrifta som omhandlar løyve til nybygg i samband med turlagsverksemd omfattar oppsett og utbetring av utedo. I forvaltningsplanen for Nærøyfjorden er tema utedo omtalt under fleire tema. I kapittel om friluftsliv og bruk av fjorden er det tilrådd å kanalisera ferdsel til område som vert lagt til rette for ilandstigning, og tilrettelegging med toalett for å unngå ureining. Under kapittel om forsøpling og ureining står det at det *«bør finnast toalett i strandområde der mykje padlarar og annan båttrafikk går i land»*. På bakgrunn av vurderingar i forvaltningsplan meiner forvaltar det er heimel i verneforskrifta for å vurdere utbetring av utedoane som tiltak for friluftsliv, og at tiltaket kan vurderast på lik linje med *«turlagsverksemd»* i § 3 punkt 1.3 b).



I forvaltningsplanen er Skalmenes og Salthella vurdert som to stadar for tilrettelegging for telting og dagsbesøk av padlarar og anna båttrafikk. Desse to plassane er mykje besøkt av privatpersonar, lag og organisasjonar på tur, og i tillegg kommersielle aktørar som har avtale med grunneigarane. I skjøtselsplan for Dyrdal er Salthella merkt som aktuell teltplass. Det er fine turområde til Dyrdal og husmannsplassen Skogane frå Salthella. Frå Skalmenes går det sti til Styvi. Herifrå går postvegen vidare til Bleiklindi. Området er rikt på natur- og kulturopplevingar. Kunnskapen om området er henta frå forvaltningsplan, skjøtselsplanane og erfaring med skjøtsel og bruk av området. Så langt me kjenner til er det ingen kjente trua artar eller naturtypar (Naturbase 16.11.15) på Skalmenes eller Salthella. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt for å vurdere denne saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje tillagt vekt. Ut frå kunnskapen me har om området, vurderer forvaltar at tiltaket ikkje vil gje nemneverdig skade på verneverdiane.

Auka bruk av området medfører større trong for tilrettelegging for å unngå ureining av området. Dette gjeld både naturområde og kulturlandskapet med slåttemark og beite. Det må vurderast kva verknad tiltaket vil få på den samla belastninga på økosystemet jf. nml. § 10. Erfaringane med utedoane som er sett opp er positive for dei fleste område. Folk nyttar i stor grad doane, og det vert mindre tilgrising av områda rundt. Utedoane vil kunne vera med å redusere den samla belastning på område. På Salthella og Skalmenes er det større aktivitet av verksemdar med guida kajakkurar enn på dei andre teltplassane ved fjorden. Det har ført til at kapasiteten på desse utedoane ikkje er stor nok. Utbetring av eksisterande utedoar vil ikkje føra til nye store inngrep i landskapet, og vil i liten grad endra landskapet sin art eller karakter. Med betre kapasitet på doane vil det verta mindre tilgrising av områda rundt. Tiltaka er naudsynte for å unngå auka belastning på økosystemet. Slike tiltak er ein fylgje av tilrettelegging for auka ferdsel i verneområde. Det er nasjonale føringa på at verneområdeforvaltninga skal leggja til rette for verdiskaping som ikkje er i strid med verneføremålet eller verneverdiane. Forvaltar vurderer tiltaket til å vera i tråd med nasjonale føringar og retningslinjene i forvaltningsplanen.

Ulike løysingar for å handtera ureininga er diskutert med grunneigarane og kommersielle aktørar. Tradisjonelle utedoar er ei løysing som gjev lite naturinngrep og liten ureining. Tiltaket kan gjennomførast ved å utvida eksisterande utedoar med 1 m<sup>2</sup>. Nordic Venture har sagt seg positive til å delta i arbeidet med utedoane, og vil ta sin del av ansvaret for at området vert halde i god stand. Utedoane er sett opp av forvaltninga og skal vera open til bruk for alle som ferdast i området.

Utedoane som er der i dag er bygd i tre og med ein storleik på 1,2 m x 1,2 m, og med ei høgde på 2,2 m. Utedoane skal utvidast til 2,5 m x 1,2 m. Bygget får same utforming som eksisterande bygg. Med denne løysinga vert det større lagerrom for kompostering. Modellen er henta frå Sogn Jord- og hagebruksskule i Aurland. Dei har gode erfaringar med denne løysinga. Materiale og plassering er vurdert til å vera godt tilpassa miljøet jf. nml § 12. Løysinga er berekraftig og gjev liten avrenning. Forvaltninga har ansvar for tiltaket, og tek kostnadane med fjerning av utedoane dersom dei fører til skade på verneverdiane jf. nml. § 11. SNO skal ha tilsyn med utedoane slik at dei fungerer slik dei skal, og vil halda Aurland kommune oppdatert om situasjonen med omsyn til ureining. Generell renovasjon er etter ureiningslova eit kommunalt ansvar og skal fylgjast opp av Aurland kommune ved behov.

På bakgrunn av vurderingane etter verneforskrifta og naturmangfaldlova §§ 8 – 12, meiner forvaltar utbetring av utedoane kan gjerast med heimel i verneforskrifta § 3 punkt 1.3 b).

**DS 1/16 Nærøyfjorden landskapsvernområde - grusuttak frå Styviselva til reparasjon av kaia på Styvi**

**DS 2/16 Nærøyfjorden landskapsvernområde - helikoptertransport av felt hjort i Ramsøy hjortevald i Aurland kommune**

**RS 1/16 Uttale frå Nærøyfjorden verneområdestyre til plansak på Bakka - plan for nydyrking - vassuttak - reparasjon av kommunal veg og strandline**

**RS 2/16 Nærøyfjorden landskapsvernområde - høring av forslag til endringer i regelverk for bruk av el-sykler i utmark og behov for endring i forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag - adgang for persontransport**

**RS 3/16 Bilderapport - oppføring av reflektormast ved Øvsthusnipa**

**RS 4/16 SV: Manglande rapportering i samband med oppføring av naudnettmast på Skogane i Nærøyfjorden landskapsvernområde**

**RS 5/16 RE: SV: Manglande rapportering i samband med oppføring av naudnettmast på Skogane i Nærøyfjorden landskapsvernområde**